STEINSLANDSÅTO

BYGDEBORGA PÅ STEINSLANDSÅTO / THE HILLFORT OF STEINSLANDSÅTO / WEHRHÜGEL STEINSLANDSÅTO

N

Steinslandsåto på Innbjoa er den einaste bygdeborga i Ølen. Ho ligg øvst på ein liten fjellknatt som hevar seg 50 meter over lendet, og er vanskeleg tilgjengeleg. Bygdeborger har vore tilfluktsstader og forsvarsanlegg som vart nytta i ufredstider. Naturformasjonar slik som denne var lette å forsvara, og det var ein viktig føresetnad. Samstundes ser det og ut som om borgene vart lagt slik at dei kunne ha oppsyn med ferdslevegar. Dei ligg og sentralt i bygdene, om det var høve til det.
I Noreg finst omlag 300 bygdeborger spreidde over heile landet. Svært få av dei er nærare granska. Eit av unntaka er nettopp borga på Steinslandsåto, sjølv om det berre er snakk om mindre undersøkingar.
Naturvitskapelege dateringar av trekol og never fortel at bygdeborga har vore i bruk i eldre jernalder, nærare tidfesta til perioden 250 e.Kr. til inn på 400 talet e.Kr. Dei eldste dateringane er frå tida kring Kristi fødsel, og dei yngste er bortimot tusen år seinare.

GB

Steinslandsåto at Innbjoa is the only hill fort in Ølen. It lies at the highest point of the distinctive and inaccessible hill in a commanding position 50 metres above the surrounding country. Hill forts were places of refuge and defence in times of unrest. Natural formations like this were easy to defend – an important factor. At the same time, it would appear that hill forts were situated so that they could be used to keep an eye on the roads and byways. Where possible, they were also located in central positions in rural communities. There are about 300 hill forts in Norway, spread over the whole country. Very few of them have been closely examined. One of the exceptions is in fact the fort at Steinsland- såto, even though only minor excavations have been carried out on it. Scientific dating of charcoal and bark reveals that the fort was in use in the Early Iron Age, from 250 AD to almost 400 AD to be more precise. The oldest finds have been dated to the time round the birth of Christ and the most recent to roughly a thousand years later.

D

Steinslandsåto in Innbjoa ist der einzige Wehrhügel in der Gemeinde Ølen. Er befindet sich ganz oben auf dem charakteristischen, doch schwer zugänglichen Höhenzug, der sich 50 Meter über das Terrain erhebt. Wehrhügel waren in Zeiten des Unfriedens viel benutzte Zufluchtsorte und Verteidigungsanlagen. Naturformationen wie diese ließen sich leicht verteidigen, was eine wichtige Voraussetzung war. Gleichzeitig scheint es, als ob die Wehrhügel so gewählt wurden, dass man gleichzeitig die Verkehrswege kontrollieren konnte. Sie lagen auch, soweit dies möglich war, zentral in den Dörfern. In Norwegen gibt es über das ganze Land verteilt etwa 300 Wehrhügel. Nur wenige sind bisher genauer untersucht worden. Eine Ausnahme bildet die Anlage auf Steinslandsåto, obwohl bisher nur wenig Untersuchungen durchgeführt wurden. Naturwissenschaftliche Datierungen von Holzkohle und Birkenrinde belegen, dass der Wehrhügel in der älteren Eisenzeit, genauer gesagt in der Zeit von 250 n.Chr. bis 400 n.Chr., genutzt wurde. Die ältesten Datierungen stammen aus der Zeit um Christi Geburt, die jüngsten liegen etwa 1000 Jahre später.



Kulturminne på Steinslandsåto

Før emålet med bygdeborga

Det er ikkje mykje vi veit om bygdeborger. Vi finn liknande mellom anna i Sverige og på De Britiske Øyar, utan at det treng vera nokon samanheng her. Nemninga borg seier at det er festningsverk det er snakk om. Dei norske festningsverka er hovudsakleg frå folkevandringstida. I sogelitteraturen som handlar om vikingtida, hundreåra etter, er dei knapt nemnde. Ut frå dei arkeologiske funna å døme kan denne delen av eldre jernalder ha vore ei tid med ufred. Folk hadde openbert trong for ein tilfluktsstad og vern mot fiendar og illgjerningsmenn. Samfunnet var organisert i høvdingdøme der ein høvding rådde over eit større eller mindre landområde. Kunne fienden kome frå nabobygda?

Kan det ha vore ein lokal høvding som har organisert bygginga av borgene i Sunnhordland? Det veit vi ikkje, men alle borgene ligg slik at ein kan sjå frå den eine til den neste. Frå Steinslandsåto er det eit vidt utsyn der ein kan sjå til Langenuen og inn i den tronge og steile Åkrafjorden, og vidare til bygdeborga på Linhovde i Fjellberg. Det ser ut som bygdeborga på Steinslandsåto var del av eit organisert forsvar.

På toppen

Bygdeborga på Steinslandsåto er ikkje lett tilgjengeleg for folk, det var og meininga! På tre sider er det høge stup, berre på den søraustlege kanten er det mogleg å kome seg nokolunde lett opp. Difor var det naudsynt å byggje ein mur for å gjere tilkomsten vanskelegare. No er muren rasa saman, men framleis kan han sjåast som ein 40 meter lang steinhop. Mot sørvest ligg det restar etter tre mindre murar som også hadde til oppgåve å gjere vegen vanskeleg for folk med fiendtlege ærend.

Litt forbi hovudmuren er ei steindyngje som kan vere restane av ei gravrøys. Her er det funne ein jernnagle og eit flintstykke. Ei anna tolking er at steinane vart dyngja saman som kastestein til forsvar mot ein inntrengjar.

På toppen av knausen er det to flate parti. På det største er det synleg seks avlange og grunne søkk ordna i to parallelle rekker. Dette er tufter etter hus, og i ein av desse er det funne kol som har gjeve oss ein peikepinn om alderen på anlegget. Forutan tuftene er det og ei oppkome med vatn som visstnok aldri vert tørr.

Lokale folk budde til strid?

Talet på hus fortel at der kunne vere ei stor menneskemengde på same tida. Vi kan sjå føre oss at folk og dyr søkte til Steinslandsåto då fienden nærma seg. Der kan dei ha vore i lang tid, om det trongst. Å byggje ein festning som dette kravde mykje arbeidskraft. Var det investeringa verd? Vart Steinslandsåto nokon gong nytta? Det veit vi ikkje, men trusselen må ha vore der.

Steinslandsåto



Det er ikkje funne våpen på Steinslandsåto, men slike våpen var vanlege i eldre jernalder.

Spydspiss frå eldre jernalder.

Sverd frå eldre jernalder.

BRONSEALDER | JERNALDER | MELLOMALDER

Eldre: | Yngre: | Eldre: | Eldre: | Yngre:

1800 f.Kr - 1000 f.Kr | 1000 f.Kr - 500 f.Kr. | 500 f.Kr - Kristi fødsel | Kristi fødsel - 570 e.Kr. | 570 e.Kr - 1050 e.Kr. | 1050 e.Kr - 1537 e.Kr.

DEI ARKEOLOGISKE FUNNA PÅ STEINSLANDSSÅTO ER AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE I MEDHALD AV KULTURMINNELOVA.

VIS RESPEKT OG OMTANKE FOR VÅR FELLES KULTURARV.
HORDALAND FYLKESKOMMUNE, ØLEN KOMMUNE.

Tekst ved Øistein Geber i samarbeid med Kulturseksjonen og Kulturlandskapssenteret, Hordaland fylkeskommune.

Formgjeving: Goosen Design
Produksjon: Artic Reklamebyrå
Kart: Sverre Moe
Illustrasjoner: fra «Norske Oldsager» ved O.Rygh